

OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

---

**Dato** 18.08.2023  
**Vår referanse** 2023/67746-2  
**Dykkar referanse**  
**Sakshandsamar** Hans Inge Gloppen  
**E-post** Hans.Inge.Gloppen@vlfk.no  
**Telefon** 97414040

## Breibandmidlar 2020 - tilskot til utbygging av breiband - Osterøy kommune (Breiband-2023-187)

Vi viser til søknad om tilskot til breibandutbygging i 2020. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) har godkjent prosjekta som fekk støtte i 2020, felles konkurranseutlysing med forhandlingar er unnagjort og kontraktar er signert. Det er sett av inntil **898.000 kroner** til utbygging av breiband Greve-Skår, Kvisti-Stoknes og Brakavatn i Osterøy kommune.

### Stadfesting

Vi ber dykk signere vedlagt akseptskjema og returnere til oss på e-post til [hans.inge.gloppen@vlfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@vlfk.no), seinast 30. august 2023.

### Finansiering

Tilskot frå Vestland fylkeskommune	898 000
Lokal medfinansiering Osterøy kommune	152 000
<b>Sum offentlege tilskot</b>	<b>1 050 000</b>
Utbyggjar(anslag)*	
<b>Godkjent finansiering</b>	<b>1 050 000</b>

Tilskotet frå Vestland fylkeskommune utgjer inntil 85,5 prosent av godkjent finansiering.

\* Utbyggjar sin del av investeringa er ikkje kjent før prosjektet er fullført.

### Generelle vilkår:

- Kommunen er prosjekteigar og kontraktspart og pliktar å sette seg inn i kva krav som følgjer av dette.
- Kommunen pliktar seg også til å sette av nok tid til gjennomføring av utbyggingsprosjektet og oppfølging av leverandør, jf. søknad og kontrakt. Kommunen skal etablere eit prosjektrekneskap med rutinar for økonomistyring og rapportering.
- Større endringar i prosjektplan, budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilskotsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av rådmann eller den rådmannen har gitt fullmakt.
- Føresetnadane som ligg til grunn for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel er inntil 85,5 prosent av det samla offentlege tilskotet.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad, og i tråd med tilskotsbrevet og kontrakt. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli tilsvarande avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på [www.VLfk.no](http://www.VLfk.no)

### Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilskotsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Vestland fylkeskommune.
- Retningsliner for profilering av Vestland fylkeskommune; <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/>

### Utbetaling ved signert kontrakt

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	<a href="mailto:post@vlfk.no">post@vlfk.no</a>	<a href="http://www.vestlandfylke.no">www.vestlandfylke.no</a>	821311632	821 311 632

- Fylkeskommunen kan utbetale inntil 25 prosent av tilskotet når kommunen har signert kontrakt med utbygger, og kopi av denne er sendt til Vestland fylkeskommune. Det kan bli sendt justert tilskotsbrev når kontrakt er inngått. Utbetalingsoppmodning skal sendast inn gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Vi kjem attende med meir informasjon om denne portalen for dei som ikkje har søkt her seinare.

#### Delutbetaling

- Tilsegsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Det vert maksimalt mogleg å oppmode om delutbetaling på 75 prosent av løyvd beløp. Har ein fått utbetalt 25 prosent ved aksept av vilkår, kan ein dermed maksimalt oppmode om delutbetaling på 50 prosent. Ved utbetaling av dei neste 50 prosent av tilskotet må søkjar leggje ved dokumentasjon på faktiske utgifter (dømevis utdrag frå rekneskapsystem) på 75 prosent av totalkostnadane i prosjektet. Resterande 25 prosent kan først utbetalast når aktiviteten er fullført og sluttrapport og revidert rekneskap er sendt inn til fylkeskommunen.

#### Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Det skal førast spesifisert rekneskap for kostnadane. Rekneskapen skal setjast opp slik at den kan jamførast med endeleg kostnads- og finansieringsplan.
- Så snart som mogeleg, og seinast innan tre månadar etter at prosjektet er avslutta, skal tilsegsmottakar sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).
- I særskilte høve kan prosjektet etter skriftleg søknad til Vestland fylkeskommune få forlenga fristen for utbetaling av tilskotet.
- Det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette må skje innan 3 månadar etter at prosjektet er ferdig. Dersom prosjektet ikkje er ferdigstilt innan fristane i konkurransegrunnlaget (september 2023) skal det sendast ein plan for ferdigstilling, og søkjast om utsett frist innan denne datoen. Fristen er sett ut frå rapporteringskrav til Nkom. Sluttrapporten skal innehalde opplysningar om teknisk løysing, kapasitet, hustandar som har fått tilbod, hustandar som har kopla seg opp og utbyggingsperiode.
- Sluttrapport og sluttrekneskap skal godkjennast av prosjekteigar. Dette gjev formelt grunnlag for utbetaling.
- Rekneskapen skal vere stadfesta av revisor.
- Tilsegsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

#### Kontaktperson

Vestland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er:

Hans Inge Gloppen      E-post: [hans.inge.gloppen@vlfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@vlfk.no)      Mobil: 97 41 40 40

Med helsing

**Sølve Dag Sundbø**  
seksjonssjef  
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

**Heidi Bjønnes Larsen**  
leiar  
NPI - Innovasjonsinfrastruktur

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Andreas Losnegaard